



Bokbussen er framleis ein suksess i Uskedalen. Skulen vår er ein av dei som kan skilta med det største utlånet. Per Myklebust med assistent hadde sin fulle hyre med å avvikla køen av låntakarar i føremiddag. No er det 4 år sidan han tok til i jobben på bokbussen. Han hadde eit ufrivillig opphald i fjor sommar men no er han i fin form og tek sikte på å halda ut i 2 år til. Då er han 70 år. Men korleis ligg det an med bussen, som runda 20 år 20. januar og har vore for liten og skrantande lenge?

- Nå eg sluttar vil det truleg vera slutt også for bussen, seier Per. Då vi intervjuar han for 3 år sidan uttrykte han seg relativt optimistisk om sjansane for å få ein ny buss med større plass.

Men no er det slutt på optimismen. Per minnar om den kommunale økonomien og har inga tru på at det kjem ei løyving til ny buss.

Ved skulen her i bygda er tysdagen utlånsdagen. Bussen stoppar i 5 kvarter annankvar tysdag. I Uskedalen har han også stopp på Korsnes og ved gardsbarnehagen.

Tekst og foto Ola Matti Mathisen